

17. mai i Volda 2025



17. mai-helsing frå ordføraren

Gratulerer med 17.mai, nasjonaldagen vår!

I dag feirar vi grunnlova som vart vedtatt på Eidsvoll 17.mai 1814 og etablerte Noreg som sjølvstendig nasjon. Grunnlova la grunnlaget for Noreg sitt demokrati og rettssystem. Grunnlova representerer Noreg sitt sjølvstende og nasjonale identitet. Denne dagen er ein festdag, men også ein dag for refleksjon og takksemd.

I år kan vi også feire 80 år med samanhengande fred i landet vårt. Nokre kan framleis hugse krigen og fredsdagane i mai for 80 år sidan. Dei fleste av oss har berre opplevd eit fritt Noreg. Vi har vore svært heldige.

I ei tid prega av større utryggheit og geopolitisk ustabilitet, der demokratiet er under press, er det ekstra viktig å hugse historia og setje pris på den freden og fridomen vi har i Noreg. Vi er heldig som fritt kan feire denne dagen i tryggleik og harmoni, og det er noko vi aldri må ta for gitt. La oss verdsetje og verne om desse verdiane og vise solidaritet med dei som ikkje har dei same føresetnadane.

17.mai er ein dag for glede og verdig feiring. Vi pyntar oss, går i tog, syng nasjonalsongar og flagget vaier fritt. Dette er ein dag for glede og samhald, der vi viser fram det beste av Noreg.



Barnetoga er vårt viktigaste symbol på denne dagen og minner oss om at borna er framtida. La oss alle bidra til å skape ei trygg og god framtid for borna våre og vise omsorg for kvarandre.

I dag vaier flagget over heile Volda, over heile landet. Det er eit flott symbol på vår fridom og sjølvstende, eit symbol på det vi står for som nasjon. Flagget vi viftar med i toget og som vaier i flaggstengene i dag, viser vår stoltheit og vår kjærleik til landet

vårt, grunnlova og verdiane samfunnet vårt er tufta på. Det skal vi glede oss over. Det er også grunn til ein ekstra refleksjon om kor heldige vi er og kva kvar og ein av oss kan gjere for at denne gode tradisjonen kan leve vidare i eit fritt og demokratisk land.

-Det er viljen som det gjelder! Viljen frigjør eller feller. La oss bruke viljen til å skape eig god framtid for oss alle.

Gratulerer med dagen og ha ein fantastisk 17.mai!

Sølvi Dimmen

Ordførar

Ja, vi elsker dette landet

Ja, vi elsker dette landet,
som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet,
med de tusen hjem.
Elsker, elsker det og tenker
på vår far og mor
og den saganatt som senker
drømme på vår jord.

Norske mann i hus og hytte, takk din
store Gud!

Landet ville han beskytte,
skjønt det mørkt så ut.
Alt hva fedrene har kjempet,
mødrene har grett,
har den Herre stille lempet
så vi vant vår rett.

Ja, vi elsker dette landet,
som det stiger frem,
furet, værbitt over vannet,
med de tusen hjem.
Og som fedres kamp har hevet det av
nød til seir,

også vi, når det blir krevet,
for dets fred slår leir.

Tekst: Bjørnstjerne Bjørnson,
Mel.: Rikard Nordraak


Nordmannen

Mellom bakkar og berg utmed havet heve
nordmannen fenge sin heim, der han sjølv
heve tuftene grave og sett sjølv sine hus oppå
deim.

Han såg ut på dei steinute strender; det var
ingen som der hadde bygt. «Lat oss rydja og
byggja oss grender, og so eiga me rudningen
trygt.»

Og når liene grønka som hagar, når det
laver av blomar på strå, og når netter er
ljose som dagar, kan han ingen stad
venare sjå.

Tekst: Ivar Aasen,
Mel.: Ludvig M. Lindeman



Program for dagen

08.00 Salutt ved Sverre Osdal
Flaggheising

09.30 Oppstilling av barnetoget ved Volda sjukehus.

Toget stiller i denne rekkjefølgja:

1. Politiet
2. Flaggborg ved speidarane
3. Volda skulekorps og Volda Hornmusikk
4. Oppigarden barnehage
5. Øyra barnehage
6. Engeset barnehage
7. Rotset barnehage
8. Røysmarka studentbarnehage
9. Trollsetta barnehage
10. Mork barnehage
11. Bratteberg barnehage
12. Hjelbakkane barnehage
13. Mork musikkorps
14. Øyra skule
15. Bratteberg skule
16. Mork skule
17. Folkestad/Tonika musikkorps
18. Volda ungdomsskule
19. Andre born og vaksne

09.55 Salutt

10.00 Barnetoget går denne ruta:

Kløvertunvegen, Kårstadvegen, Engesetvegen, Volda omsorgssenter, Engesetvegen, Fjordsyn, Seljebakken, Kyrkjegata, Uppheimsplassen.

Alle samlast på Uppheimsplassen etter barnetoget.

Volda skulekorps, Volda Hornmusikk, Mork musikkorps og Folkestad/Tonika musikkorps speler til «Ja, vi elsker dette landet».

Helsing frå ordførar Sølvi Dimmen.

Song ved fjerdeklassingane ved skulane i Volda.
Leia av Gunnar Sigve Aurdal.

Song av Volda mannskor.

10.00 Volda mannskor syng først på Volda omsorgssenter, deretter på Fjordsyn.

10.30 Volda blandakor syng ved Volda sjukehus.

11.00 Kafear og kioskar opnar.

Volda skulekorps har sal av is, sukkerspinn, pølser og brus i Uppheimsparken og kaker og mat på samfunnshuset.

Volda Greenfingers/Uppheim opnar kafé på Uppheim med sal av rømmegraut, pølser, kaker og meir til.

12.00 Festgudsteneste i Volda kyrkje. Volda blandakor deltek.

12.15 Leikar på Uppheimsplassen med premiar. (slutt kl. 14.00).

12.15 Mork musikkorps spelar ved undergangen i Morkavegen. Deretter går toget heile Morkavegen fram til Grendahuset (skulen). Der vert det leikar for born med premiar og sal av brennsnøt og kaker.

12.30 Bratteberg skule: Leikar for born med premiar. Enkel kiosk. (slutt kl. 14.30).

12.30 Folketog frå Lid grendahus, mat og aktivitetar.

12.45 Kransing av bautaen ved Volda kyrkje.
Tale ved Odd Kåre Fløtre.

Song av Volda mannskor.

13.30 Kransing av Krumsvikbautaen.
Guttorm Hagen talar og legg ned blomar på
vegner av NROF (Norsk Reservistforbund avd.
Søre Sunnmøre).
Song av Volda mannskor.

13.00 Uppheimsparken etter kransinga ved
kyrkja: Veterankorpset spelar.

14.30 Samling på Lid grendahus.

15.30 Volda hornmusikk spelar ved Volda
omsorgssenter.

15.30 Oppstilling av folketoget ved Steinrøysa.
Toget stiller i denne rekkjefølgja:

1. 17. mai-nemnda
2. Speidarane
3. Volda Hornmusikk og Volda skulekorps
4. Idrettslaga
5. Ørsta og Volda ballettskule
6. Bunadskledde kvinner og menn
7. Mork musikkorps med Mork drilltropp
8. Volda Røde Kors
9. Volda mannskor
10. Volda blandakor
11. Volda læringssenter
12. Høgskulen i Volda

13. Studentsamfunnet i Volda

14. Kvinner og menn

15. Volda vidaregåande skule

16. Russen 2025

16.00 Salutt

Folketoget går denne ruta: Steinrøysa, Volda
omsorgssenter, Engesetvegen, Storgata,
Skjervavegen, Industrigata, Holmen, Hamnegata,
Sjøgata, Storgata, Kyrkjegata, Uppheimsplassen.

På Uppheimsplassen:

Volda Hornmusikk, Volda skulekorps og
Morkakorpset spelar til «Gud signe vårt dyre
fedreland».

Tale for dagen ved Ragna Hofset Kile.

Korpsa spelar og me syng «Nordmannen».

Russetalar ved Asbjørn M. Hustadnes og Mari
Øyehaug.

18.00 17. mai-fest i Pinsekyrkja i Volda.

20:00 Nasjonal festkonsert i Volda kyrkje
Dørene opnar kl. 19.30.
Symfoniorkesteret blir leia av Elizabeth Oltedal.
Solist: Kei Solvang.

21.00 Alle flagga ned



Kransing av bautaen ved Volda kyrkje

Minnesmerke over
veteranane frå Volda i
krigen 1807–14 og over
dei falne i krigen 1940–45
frå Volda kommune.

Stad: Volda kyrkje

Tid: 12.45

Talar: Odd Kåre Fløtre

Song av Volda mannskor.

Kransing av Krumsvikbautaen

Bauta til minne om innsatsen
til Ola Krumsvik og heimestyrkane i Volda
og Ørsta under krigen 1940–1945.

Tid: 13.30

Guttorm Hagen talar og legg
ned blomar på vegne av Norsk
Reservistforbund avd. Søre
Sunnmøre (NROF).

Song av Volda mannskor.

Her kan du kjøpe mat og drikke 17. mai

Volda skulekorps har sal av is, sukkerspinn,
pølser og brus i Uppheimsparken, og kaker
og mat på samfunnshuset.

Kiosken i Uppheimsparken er open frå
klokka 11 og til etter folketoget. På
samfunnshuset kl. 11-16:30.

Volda greenfingers Uppheim har kafé med
salg av rømmegraut, pølser, kaker og meir på
Uppheim kl. 11-15.

Nasjonal festkonsert i Volda kyrkje

Symfoniorkesteret ved Høgskulen i Volda
inviterer til nasjonal festkonsert i Volda
kyrkje kl. 20.00.

Symfoniorkesteret er leia av Elizabeth
Oltedal, medan årets solist er Kei Solvang.
Dørene opnar kl. 19.30.



Det går eit festtog gjennom landet!

1. Det går eit festtog gjennom landet!
I by og dal, ved fjell og fjord.
Vi svingar flagget stolt for Noreg,
med hurrarop ifrå sør og til nord.

Ref.

Hurra! Vi syng og vi marsjerer
til songar i raudt, kvitt og blått.
Kjenner rytmen av fridom i kroppen.
Fylt av glede for landet vårt.

2. Den store dagen vil vi feire.
No lyder takkens melodi
som taktfast stig opp ifrå folket.
Frå oss som vil ha eit demokrati.

Tekst: Grethe Myre Skottene
Mel.: Carl-Andreas Næss

Gud signe vårt dyre fedreland

Gud signe vårt dyre fedreland,
og lat det som hagen bløma!
Lat lysa din fred frå fjell
til strand og vinter for vårsol røma.
Lat folket som brøder saman bu, s
om kristne det kan seg søma.

Vil Gud ikkje vera bygningsmann,
me fåfengt på huset byggja.
Vil Gud ikkje verja by og land,
kan vaktmann oss ikkje tryggja.
Så vakta oss, Gud,
så me kan bu i heimen med fred og
hyggja.

No er det i Noreg atter dag,
med vårsol og song i skogen.
Om sædet enn gror på ymist lag,
det brydder då etter plogen.
Så signe då Gud det gode såd,
til groren ein gong er mogen!

Tekst: Elias Blix
Mel.: Christopher Ernst Weyse



Tusen takk til alle rause aktørar i næringslivet som har sponsa årets 17. mai-feiring. Hugs å støtte tilbake og nytte tenestene her vi bur!

**Aasebø og Ulvestad Installasjon AS, Advokat Jørund Knardal,
Aurstad Tunnel AS, Beck Studio, Brunvoll Volda, Brændes
Rørleggerforretning AS, Circle K, Osdals Catering, Drive
Trafikkskule AS, Elis AS, Elkjøp, Gullsmed AH. Vasbotn AS,
Halkjelsvik Bilverksted AS, Hjelle Maskin, Hovden & Vatne
Statsautoriserte Revisorar AS, Hygge Design AS, Johs. Jacobsen
Kjøtt AS, Kragset Eignedomsmeikling AS, Langvatn Trafikkskule,
Mulvik AS, Naustet Grill, Nynorsk kultursentrum, Oclin,
Recover, Retura AS, Rotevatn Trafikkskule,
Sans Frisør, Skin Tonic, Sparebanken Møre, Spir Advokatfirma AS,
Studentsamskipnaden, Studio Lun, Tussa, Vertikalservice, Volda
Byggservice, Volda Bil AS, Volda Mat, Volda tannklinikk**

Vi er utruleg glade for å få leige lydutstyret til **Merkesteinane**, og at det vi betalar går til det flotte arbeidet dei gjer både her heime og for dagsenteret i Mathare, Kenya.

Dei vakre kransane og blomane til årets feiring har vi fått ekstra kjekke prisar på frå Aarflot Blomster.

Hipp hurra for **daglegvarebutikkane** for gode premiar til barnas leikar! Det er verkeleg eit av høgdepunkta i feiringa, og utan dykk hadde det ikkje blitt like stas 🥳

Og ein **STOR** takk til alle sambygdingar som har støtta spleisen for 17. mai i Volda. Saman lagar vi ei god 17. mai-feiring for store og små voldingar.

Og også ei stor takk til dei som har delt bilete til bruk i årets programhefte:

Forsiden: Kai Tore Myklebust

Side 2: Volda kommune

Side 3: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn

Side 5: Kai Tore Myklebust

Side 6: Sølvi Dimmen

Side 7: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn



Sjå også nettsida til 17. mai på volda.kommune.no og Facebook-sida 17. mai i Volda